

# Auka psykologmakt i barnevernet

BT 23.2.2013

## BARNEVERN

Joar Tranøy  
Forskar og psykolog



**MAKTA TIL PSYKOLOGANE** i norsk barnevern har auka sterkt. Auken kjem fyrst og fremst av barnevernlova av 1992 og opprettinga av fylkesnemnda der psykologane har ein markant posisjon.

I fylkesnemnda sit dei som fagkunnige medlemar og tek avgjerder i saker der born vert fjerna frå foreldra sine. Samstundes er psykologar i regelen sakkunnige i saksførebuing. Rolla til psykologane er diagnostisk. Dei sakkunnige psykologane er som regel kliniske spesialistar utan skulering i utgreiingsmetode, til dømes kjeldekritikk. Rapportane manglar vitskapleg

validitet og reliabilitet, og det trugar rettstryggleiken til born og foreldre.

**PSYKOLOGANE SI MAKT** er ganske lik posisjonen til prestane under verjerådslova for over 60 år sidan, som råka særleg borna til taterfolket. Til liks med prestane nyttar psykologane eit vidt skjøn utan krav til prov. Psykologane si tilnærming er å gripa inn med førebyggjande omsorgsovertaking på grunnlag av det dei meiner kan vera «manglende utviklingsfremmende tilknytning».

**PSYKOLOGISERING** tek no vekk fokus på at dei fleste klientar i barnevernet slit med dårleg økonomi og marginalisering. Befring-utvalet slo dette fast for 10 år sidan. Utvalet meinte

at styresmaktene ikkje synte vilje til å vedgå fattigdomsproblem i Noreg. Opprettinga av «Forum for sakkyndige psykologer» (FOSAP) i 1994 har gjeve psykologprofesjonen ei strategisk posisjon til departementet. Ei av flaggsakene er å redusera det biologiske prinsippet i lovverket.

**FOSAP UTARBEIDDE** eit notat til departementet om det biologiske prinsippet i 2002 og konkluderte med «at det biologiske prinsippet får for stor vekt i forhold til hensynet til barnets beste i noen av de alvorligste sakene. Vi vil derfor anbefale at adgangen til å kunne la det biologiske prinsippet vike i enkelt saker presiseres ytterligere i denne paragrafen».

Nedtoninga av det biologiske

prinsippet står i motsetnad til teksten i lovforarbeidet til barnevernlova av 1992: «Det er et grunnleggende prinsipp i vårt samfunn at foreldrene selv sørger for sine barn». Raundalen-utvalet vil innføre prinsipp om utviklingsfremjande tilknytning. Likskapen med presteskapat si handsaming av taterfolket er slåande.

**DETTE PSYKOLOGSKAPTE** omgrepet vil truleg føra til fleire omsorgsovertakingar, grunna heimel i barnevernlova som legg opp til framtidsvurdering. Psykologane vil ikkje skjønna at det er ei stor påkjenning for borna å verta fjerna frå foreldra sine og at desse skadeverknadene vert feilvurderte som konsekvens av manglende omsorg frå foreldra si side.